



Det. kgl. kommunal- og regionaldepartementet

Postboks8112 Dep.
0032 OSLO

KOMM. OG REG. DEP.	
19 JAN 2005	
04/2771-123	
AKK.	013
AVD.	RA / SSA / MAG

Dykkar ref.

Vår ref.
03/1112-7

Arkiv
N-010/

Dato:
17.01.2005

HØYRINGSUTTALE FRÅ ULLENSVANG HERAD PÅ DISTRIKSKOMMISJONENS UTREDNING NOU 2004:19

Viser til brev av 14.10.04 Høyring på Distriktskommisjonen si utgreiing, vedlagt følger Ullensvang herad si uttale.

Det er fatta følgjande vedtak i saka:

17.01.2005 HERADSSTYRET

Bjørn Lothe (Sv) sette fram fylgjande framlegg:

Tillegg til punkt 3.

"Spesialisthelsetenesta, det vil seie både dei somatiske og dei psykiatriske sjukehusa, må leggjast inn under dei nye regionane."

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg med Bjørn Lothe (Sv) sitt tilleggsframlegg vart samrøystes vedteke

HST-001/05 VEDTAK:

1. Ullensvang herad sluttar seg til Distriktskommisjonen si fleirtalstilråding om at det er behov for eit nytt folkevald regionalt nivå med større regionar til erstatning for dagens fylkeskommunar.
2. Ullensvang herad støttar Distriktskommisjonen si tilråding om omfattande desentralisering og samordning av verkemiddel i distrikts- og regionalpolitikken til eit regionalt folkevald nivå. Sterke og sjølvstendige regionar må ha mynde til å føreta ei reell samordning av politikken på område som er viktige for regional utvikling. Dette vil bidra til å skapa vekst og utvikling og til å utløysa meir av verdiskapingspotensialet i alle delar av landet
3. Ullensvang herad sluttar seg i hovudsak til Distriktskommisjonen sitt framlegg om kva for oppgåver som bør leggjast til det nye folkevalde regionale nivået og forventar ei vidare drøfting om overføring av oppgåver for å styrkja det kommunale nivået. Spesialisthelsetenesta, det vil seie både dei somatiske og dei psykiatriske sjukehusa, må leggjast inn under dei nye regionane

4. Ullensvang herad støttar Hordaland Fylkesting i at det er viktig at spørsmålet om utforming av det framtidige folkevalde regionale nivået blir avklart snarast råd, og rår til at ein ikkje avventar den planlagde evalueringa av fylkeskommunen i 2007.
5. Ullensvang herad sluttar seg elles i all hovudsak til fleirtalstilrådingane frå Distriktskommisjonen med dei presiserande synspunkta går fram av Hardangerrådet sin fråsegn til Distriktskommisjonen si utgreiing.

Med helsing
Ullensvang herad

Magnus Mjør
rådmann

Linn M. Østerbø
Linn M. Østerbø
førstesekr.

Sakshandsamar sin tlf: 53 67 15 06
Sakshandsamar sin e-postadr.: magnus.mjor@ullensvang.herad.no